

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Pb 2520
6404 MOLDE

Vår dato: 16.12.2024
Vår referanse: 24/82644- 2
Dykkar dato:
Dykkar referanse:

Oversending av hjelpeskjema til KOSTRA landbruk for rapporteringsåret 2025

Vi viser til tidlegare års utsending av hjelpeskjema for kommunane si rapportering gjennom KOSTRA landbruk.

For å lette kommunane sitt arbeid med rapportering gjennom KOSTRA, har Landbruksdirektoratet også i år utarbeida eit hjelpeskjema i Excel-format der kommunane fortløpande kan føre inn behandla søknadar etter jordlov og konsesjonslov, og kva som vart utfallet av desse. Hjelpeskjemaet omfattar også fane for omdisponert areal frå reguleringsplanar etter plan- og bygningslova.

Vi ber om at statsforvaltarane vidaresender hjelpeskjemaet i Excel-format til kommunane.

Det er frivillig for kommunane å bruke dette hjelpeskjemaet, men vi anbefalar at kommunane tek det aktivt i bruk. Dette både av omsyn til kvaliteten på dei innrapporterte opplysningane og fordi det vil redusere arbeidsbyrda for kommunane ved rapporteringstidspunktet.

Nytt av året er nye faner for kopiar av jordleigeavtalar jf. jordlova § 8 andre ledd og vedtak om landbrukseigedom i dødsbu etter § 99 a i arveloven. Myndigheita etter konsesjonsloven til å fatte vedtak om konsesjon til aksjeselskap er flytta frå kommunen til statsforvalteren. Spørsmål om denne sakstypen er difor fjerna for rapporteringsåret 2025.

Med helsing
for Landbruksdirektoratet

Aud-Ingrid Krefting

Jostein Tostrup
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng difor ingen signatur.

Mottakar:

Statsforvaltaren i Møre og
Romsdal

Statsforvaltaren i Rogaland

Statsforvaltaren i Vestland

Statsforvalteren i Agder

Statsforvalteren i Innlandet

Statsforvalteren i Nordland

Statsforvalteren i Troms og
Finnmark

Statsforvalteren i Trøndelag

Statsforvalteren i Vestfold og
Telemark

Statsforvalteren i Østfold

Buskerud Oslo og Akershus

Vedlegg:

KOSTRA-hjelpeskjema-2025